LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift

Dagfinn Hvidsten
Storneset 52
5915 HJELMÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Linda Folkestad | 29.09.2017 |
| Vår: 17/685 - 17/27723 | Linda.Folkestad@lindas.kommune.no | |

# Anmodning om klypp av hekk langs kommunal veg, Storneset

Lindås kommune ved Teknisk drift – veg – har motteke fleire uromeldingar vedkomande hekk på Dykkar eigedom. Hekken veks ut over kommunalt vegareal og er så høg at den utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs kommunevegen. Hekk tek sikt langs kommunal veg og i siktsone avkjørsle på eigen grunn og naboeigedom. Hekk som veks ut over kommunalt vegareal er òg til hinder for drift og vedlikehald av veg (kantrensk, kosting og snøbrøyting).

Kommunen anmoder om at De som grunneigar utførar klypp av hekk som tek sikt, er til hinder for trafikantar og som hindrer drift og vedlikehald av kommunal veg. Kommunen kan i enkeltvedtak pålegge grunneigar om å utføre klypp av vegetasjon i siktsoner og langs veg. I enkelt vedtaket vert det sett ei frist for utføring av arbeid. Etter fristens utløp, kan kommunen få utført arbeidet. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr ved denne typen arbeid. Dette gir eit svært grovt resultat. Resultatet vert betre dersom De som grunneigar utfører arbeidet sjølv.

I tilfeller der vegetasjon utgjer ei risikofare for trafikk langs kommunal veg, kan kommunen få utført arbeid utan ytterligare varsel. Krav til frisiktsoner er gitt i Veglova, i avkøyringsløyver og i reguleringsplanar. Kommunen kan i enkeltvedtak pålegge grunneigar om å klyppe, beskjære eller flytte vegetasjon som skapar hindringar som nemnt ovanfor.

Meir informasjon om hekk og trafikktryggleik finn du på kommunen sin heimeside.
http://www.lindas.kommune.no/hekk-og-trafikktryggleik.400220.nn.html

**Førehandsvarsel:**
Teknisk drift anser dette brev som førehandsvarsel om muleg pålegg om klypp av vegetasjon langs kommunal veg, i avkjørsler og i vegkryss. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anja Alice Solsvik Hvidsten | Storneset 52 | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dagfinn Hvidsten | Storneset 52 | 5915 | HJELMÅS |